

Ekspektorat

Analysemetode

Bakteriologisk dyrking.

Obs! Dyrking og evt. PCR for tuberkelbakteriar utførast ved Haukeland sjukehus, og prøvar sendast direkte dit. For pasientar inneliggande ved FSS kan i tillegg ekspektoratprøve til Ziehl-Neelsen-farging sendast mikrobiologisk avdeling for raskt svar.

Indikasjon

Nedre luftvegsinfeksjon, særleg tuberkulose.

Prøvetaking

Prøven takast helst om morgonen før pasienten har ete. Før prøvetaking bør munnen skyljast med vatn. Ein må instruere pasienten om å hoste kraftig slik at slimklattar kjem opp, og berre slike klattar skal spyttast ut i prøveglaset. Ekspektoratet bør vere tydeleg purulent for at bakteriologisk dyrking skal kunne gi nyttig informasjon. Dyrking av serøst ikkje-purulent materiale er formålslaust.

Prøvetakingsutstyr

Steril container med skrukork



Oppbevaring før transport

I kjøleskap. Prøven bør ikkje oppbevarast i romtemperatur.

Haldbarheit

1 dag. Eldre prøvar vurderast. Ved lengre transport i posten kan irrelevante koloniseringsbakteriar, til dømes Gram-negative stavbakteriar utan betydning, vekse fram, mens andre meir kresne mikrobar, som pneumokokkar, kan døy. Det har difor oftast liten hensikt å sende ekspektoratprøve til vanleg bakteriologisk dyrking i posten.

Vurdering i laboratoriet

Ekspektoratprøvar blir mikroskopert i laboratoriet med tanke på representativitet. Mange granulocytter og få eller ingen plateepitelceller tilseier at prøven er representativ for dei nedre luftvegane. Dei mest aktuelle bakteriane er pneumokokkar og H.influenzae, sjeldnare beta-hemolytiske streptokokkar. Gule stafylokokkar kan isolerast ved nekroser og abcessar i lungevevet. Ved kroniske lungelidingar finnast oftast H.influenzae, andre gram negative stavbakteriar og sopp. Etiologisk betydning kan vere vanskeleg å avgjere. Anaerob dyrking frå luftvegane utførast berre dersom prøvane er tatt med invasiv teknikk.

Forventa analysetid

2-4 dagar

Feilkjelder

- Feil ved prøvetaking (ikkje representativ prøve, kontaminasjon av prøvematerialet)
- Feil ved oppbevaring og transport av prøven (feil transportmedium, lang transporttid)
- Antibiotikabruk før prøvetaking

Utførast av

Bakteriologisk fagområde

Fagområde

Bakteriologi

Rekvisisjonsskjema

Skjema HF 1084

Skjema HF 1088

Medisinsk fagleg ansvarleg

Reidar Hjetland

Sist oppdatert

11.10.2016 Gro Øren